

# Lavterskel fysisk aktivitet for born og ungdom 2017 – Vinteraktivitetsdag på Kvamskogen

Saksnummer: 2017/121

Ressursnummer: 12564

Prosjektleder og ansvarleg for rapport: Sigrid Kvåle Myksvoll, Bergen og Hordaland Turlag

## **Gjennomført tiltak:**

Vinteraktivitetsdagen blei arrangert for barnefamilier med minoritetsbakgrunn. Målet med dagen var å bidra til nye morosame og lærerike erfaringar, nye bekjentskapar, samt kunnskap om vintertradisjon i norsk natur.”

Denne vinteraktivitetsdagen blei gjennomført av partane i «Aktiv Saman», med BHT som prosjektleder. "Aktiv Saman" er et samarbeidsprosjekt om integrering gjennom idrett og friluftsliv, og partane i samarbeidet består av Bergen og Hordaland Turlag, Hordaland Fylkeskommune, Hordaland Idrettskrets, Way Forward, Bergen Kommune, Askøy kommune, Fjell kommune og Samnanger kommune.

I tillegg var Djerv ved Inkluderingsutvalget, Redd Barna, Røde Kors Bergen og lokale turlag involvert for rekruttering av deltakere og frivillige. Denne dagen bidrog slik sett til samarbeid på tvers av store og små (frivillige) organisasjonar/instansar, noko vi anser kan gje ein positiv bieffekt for vidare inkluderingsarbeid i Hordaland.

Vi ordna med gratis busstransport til/frå Kvamskogen, og gjennom dagen fekk alle prøve seg på mange ulike aktivitetar, som skigåing, aking, frisbeegolf og hundekjøring. I tillegg hadde vi bestilt mat gjennom Furedalen, så grilling sto også på programmet.

## **I kva grad målsettinga vart nådd.**

Aktiv Saman er einige om at det blei ein veldig fin dag. Vi fekk veldig mange gode tilbakemeldingar, både frå deltakarar og frivillige. Mange endte dagen med å spørje «blir dette ein tradisjon?». Dette var også fyrste gongen ein slik dag blei gjennomført, og vi hadde derfor ikkje noko å samanlikne med, og heller ingen «mal» på korleis vi skulle gje info/få påmeldingar osv. Med dei erfaringane vi fekk blir det lettare å justere og gjere endringar dersom vi skal arrangere liknande igjen.

## **Peike på eventuelle avvik og grunngje desse.**

Vi endte opp med å bli fleire enn det vi hadde tenkt – noko av grunnen til det var at det var fleire samarbeidspartnarar som var litt uklare med tilbakemelding på kor mange dei blei til slutt. Noko av årsaken til det igjen, kan mogleg vere at det er ei litt uforutsigbar målgruppe. I tillegg var det også mange frivillige som meldte seg tett opp mot dagen, så vi antar at det var nesten opp mot 70 frivillige til slutt. Totalt var vi nok oppe i 300 stk, mens vi hadde berekna mat til litt over 200. Derfor blei det litt lite mat, men det ordna seg ved å handle inn fortløpande på landhandelen ikkje så langt unna. I utgangspunktet hadde vi eit påmeldingssystem som fungerte godt, men opp mot arrangementet kom det altså mange det var litt vanskeleg å seie nei til – særleg var det jo eit ønskje om å ha med mange frivillige! Det var veldig bra at så mange frivillige kom – då er det mange som kan hjelpe til, følgje med og

ikkje minst blir det ei hyggeleg ramme med både minoritet og majoritet til stades. Prosjektleiari tar lærdom av dette, og ser lyst på å ha full kontroll på dette ved eit ev. neste høve.

På tross av slike avvik konkluderte vi med at vi var svært nøgd med dagen, og vi veit at mange hadde gode opplevingar som dei tok med seg vidare.

**Informere om eventuell vidareføring.**

Aktiv Saman diskuterer framleis om det skal vidareførast, blant anna fordi det er ein dyr «enkeltdag» å gjennomføre. Men vi ønskjer truleg å gjennomføre også i 2018.

PS! Vi inviterte TV-2 til å bli med på dagen, og dei kom medamerateam og følgde oss gjennom dagen. Her er resultatet: <http://www.tv2.no/v/1177777/>